



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT
Postboks 1353 Sentrum
6001 ÅLESUND

Vår dato:
05.03.2024

Vår ref:
2020/445

Dykkar dato:
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

U.offl: offl. § 24

Melding til politiet om brot på forureiningslova

MERKNAD FRÅ STATSFORVALTAREN 28.02.2024:

DENNE MELDINGA OM BROTT PÅ FORUREININGSLOVA VART FYRST SEND POLITIET 27.11.2023.

VI HAR NYLEG OPPDAGA EIN FEIL I DET OPPHVALEGE MELDINGSDOKUMENTET. DET VAR EIN ARBEIDSVERSJON SOM VAR SEND UT, SOM HADDE GJENSTÅANDE MARGKOMMENTAR OG FORSKOVNE MARGAR, OG DERMED REDUSERT LESBARHEIT.

VI SENDER DIFOR MED DETTE EIN KORRIGERT VERSJON DER FEILEN ER RETTA OPP, SLIK AT DOKUMENTET ER LETTARE LESELEG. DOKUMENTET ER ELLES UENDRA.

VI BEKLAGR FEILEN. VI BER OM AT DE NYTTAR DENNE KORRIGERTE VERSJONEN I VIDARE HANDSAMING AV SAKA OG VED EVENTUELL UTSENDING/OFFENTLEGGJERING AV DOKUMENTET.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil med dette melde Statkraft Energi AS for brot på *lov av 13. mars 1981 om forurensninger og om avfall* (forureiningslova) § 78 første bokstav ved at verksemda uaktsamt har sett i verk noko som har ført til forureining, dette i form av slamutslepp av svært stort omfang til elva Surna i Surnadal kommune.

Vi syner òg til straffelova § 48a om foretaksstraff.

I tilknyting til rehabiliteringsprosjekt på demninga med nedtapping av magasinet i Foldsjøen i Surnadal kommune slapp ei stor mengde slam frå botnen av dammen ut i vassdraget Folda/Surna.

Bakgrunn for saka

Rehabilitering av dammar og større utsleppshending hausten 2022

Vår oppsummering av hendinga i Surna er i stor grad basert på COWI AS sin rapport *Surna utsipp feltundersøkelser* datert 15.12.2022 (vedlegg 1).



Trollheim kraftverk i Surnadal kommune i Møre og Romsdal har utlaup til elva Surna og får vatnet sitt frå magasina Foldsjø og Gråsjø. Magasina vart etablert på 1960-talet. Det utførast rehabilitering av demningane Sandedammen ved Foldsjø og Gråhaugdammen ved Gråsjø for at dei skal oppfylle nye krav til teknisk tilstand. Arbeidet skal utførast i perioden 2021-2025, og omfattar plastring av demningane med ny stein.

Det var behov for å tømme Foldsjøen for vatn før ein kunne starte opp med plastring av Sandedammen. Tømminga starta sumaren 2022 og held fram i fleire månader. Då vasstanden i Foldsjøen var lågare enn inntaket til kraftstasjonen vart damluka opna for å sleppe det resterande vatnet ut via elva Folda, som har utlaup i Surna nær Holten og Sande. Det var òg naudsynt å opne luka for å sikre minstevassføringa i Surna.

23. september var Foldsjøen heilt tømt for vatn, men dei siste dagane før 23. vart sedimenta i botnen av magasinet mobilisert av dei vassmassane som var igjen i kombinasjon med utslepp av vatn frå Gråsjøen. Som fylge av dette vart ei svært stor mengde sediment ført ut i elva, og Surna vart forureina med slam heile vegen frå Folda sitt utlaup ved Holten/Sande og ned til elva sitt utlaup i Surnadalsfjorden. Sedimenta består av delvis nedbrote organisk materiale. Dette stammar frå vegetasjon som vart sett under vatn då dammen vart etablert, og frå lauv og anna organisk materiale som er tilført magasinet i ettertid. Dette var stoff som hadde bygd seg opp i over femti år sidan magasinet aldri før hadde vorte tømt heilt. Området hadde tidlegare vore myr, og det er difor naturleg at det var ei stor mengde organisk materiale der.

Plan for miljø og landskap og mellombelse dispensasjonar frå manøvreringsregelverk

Vassressurslova er den generelle lova om vassdrag og grunnvatn. Den som skal setja i verk tiltak som berører vassdrag eller grunnvatn, må ta omsyn til avgjerdene i lova. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er styresmakt etter vassressurslova og har som oppgåve å forvalte vass- og energiressursane i landet. Dei handsamar mellom anna søknadar om konsesjon etter vassressurslova i sakar som gjeld bygging av vasskraftverk og andre anlegg i vassdrag. Handsaminga omfattar mellom anna høyringar av søknadar, og NVE skal sikre at alle sider av ei sak er gjort greie for og fatte vedtak der fordelar og ulemper ved eit tiltak er vege opp imot kvarandre. Statkraft er eit kraftselskap og ein stor leverandør av fornybar energi.

I tilknyting til rehabiliteringsprosjekta ved desse dammane vart det utarbeidd ein detaljplan for miljø og landskap (dato: 21.08.2018) (vedlegg 7). Planen skildra tiltaka som skulle gjerast på dammane og omsynet til ytre miljø, kulturminne og liknande under arbeidet. Planen vart godkjend av NVE (Norges vassdrags- og energidirektoratet) i brev av 19.11.2018 til Statkraft Energi AS (vedlegg 4).

I brev av 30.08.2021 frå NVE til Statkraft Energi AS (vedlegg 5) vart det etter søknad gjeve løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for tapping av dei to sjøane.

Manøvreringsreglementet er dei bestemmingane som gjeld for fylling og tapping av reguleringsmagasin for vasskraftanlegg. Fråviket var vurdert å vere naudsynt då det ikkje var mogleg å gjennomføre plastringstiltaka utan fråvik frå reglementet ved å senke vasstanden under LRV (lågaste regulerte vasstand). Søknaden om fråvik vart send på høyring til utvalde høyningsinstansar. Fiskeraksjonen i Surna advarte mellom anna om risikoen for at sediment og anna uønskt materiale kunne hamne i elva. I uttala si skreiv dei fylgjande: «*Et siste moment som vi ber NVE kvalitetssikre er at Folla og Surna på ingen måte blir en «søppelfylling» der sedimenter og annet uønsket materiale blir sendt på elva i steden for å bli deponert på egne områder. Slamfellene må fungere godt både under og etter reparasjonene av dammene.*»

I brev av 22.09.2022 frå NVE til Statkraft Energi AS (vedlegg 6) vart det etter ny søknad igjen gjeve mellombels dispensasjon frå manøvreringsreglementet for Follsjø magasin, no for perioden



15.09.2022-31.12.2022. Tiltaka som skulle gjerast på dammane vart vurdert å ikkje vere moglege utan å på ny fråvike reglementet ved å senke vasstanden under LRV. Saken vart ikkje send på høyring på ny då uttalene til den første dispensasjonssøknaden vart vurdert å i stor grad framleis vere dekkande. Det siste tiltaket førte til ei meir omfattande nedtapping av Foldsjøen, og til at innsjøen i praksis ikkje lenger var regulert sidan botntappelukene var opne. Det var i perioden denne nye dispensasjonen gjaldt for at det store slamutsleppet skjedde.

Det bør òg nemnast at Gråsjødammen vart rehabiliterert først, og at det difor truleg var ei vesentleg mengde organisk materiale og finpartiklar i innsjøane frå denne jobben. Foldsjøen vart dermed ei form for sedimentasjonsbasseng for Gråsjøen, fram til lukene vart opna. I tillegg var det ein episode med styrregn som eroderte vekk dei avdekte massane i Foldsjøen.

Miljøundersøkingar etter hendinga

COWI AS utførte i oktober og november 2022 feltundersøkingar i Surna for å kartleggje omfanget av utsleppet, jf. COWI-rapport av 15.12.2022 (vedlegg 1). NORCE LFI (Laboratorium for ferskvannsøkologi og innlandsfiske) har òg gjort undersøkingar (oktober 2022) for å dokumentere slamutsleppet, jf. LFI-rapport 460 datert 07.12.2022 (vedlegg 2). Det kom 21.10.2023 ein ny rapport frå COWI AS, no med kartlegging av elvemusling ved to lokalitetar i Surna (vedlegg 3). Statkraft Energi AS fekk 16.10.2023 pålegg frå Norges vassdrags- og energidirektoratet (NVE) om å gjennomføre ytterlegare undersøkingar etter slamutsleppet og utarbeide ein tiltaksplan for å avbøte eller kompensere for eventuelle skadar (vedlegg 13). Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og andre instansar hadde innspel til varselet som pålegget var basert på.

Sjå lenger ned i dette brevet for vårt samandrag av dei undersøkingane som til no er utført i elva og vår vurdering av miljøskadane som fylge av hendinga. Dei aktuelle rapportane er òg med som vedlegg.

Under eit møte på Thon Hotel i Surnadal 13.11.2023, der mellom anna NVE, Surnadal kommune, Statkraft, COWI, NINA, Surna elveeierlag og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal var representert, vart resultata frå undersøkingane som er utført lagt fram. Det er venta at det vil komme ein ny rapport frå COWI før utgangen av 2024 og ein rapport frå NINA (*Norsk institutt for naturforskning*) vinteren eller våren 2024, jf. møtereferatet (referat datert 21.11.2023) (vedlegg 10).

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si rolle

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har ikkje hatt noko stor rolle i tilknyting til tiltaka ved Foldsjøen. Vi skreiv høyringsuttaler til dispensasjonssøknadene frå Statkraft Energi til NVE der vi fokuserte på mellom anna risiko for spreiing av framande artar og omsynet til laks og aure og friluftsliv.

Etter at hovudutsleppet hadde skjedd, oppmoda vi om at det burde byggast ein voll oppstraums tappeluka slik at det ikkje skulle kunne skje ytterlegare utvasking dersom det kom fleire episodar med styrregn, jf. e-post av 06.10.2022 (vedlegg 12). Dette forslaget vart avvist.

I vedtak av 30.09.2019 ga vi etter søknad frå Statkraft Energi løye etter forureiningslova til tunneldrift då ein eksisterande flaumkanal og -tunnel skulle utvidast i tilknyting til rehabiliteringsprosjektet på Fossjødammen. I løyvet, som er basert på ei risikovurdering utført av Sweco AS, er det sett krav til pH-verdi og konsentrasjon av olje og suspendert stoff i utsleppsvatnet under sjølv tunnelarbeidet. Vårt løye regulerer altså berre utslepp frå tunnelarbeidet, og gjeld ikkje tappinga av magasinet eller andre delar av rehabiliteringsprosjektet. Det er vanleg at det gjevest utsleppsløye når det skal utførast tunneldrift.



[REDACTED]
[REDACTED]
[REDACTED]
Vi kan ikkje sjå at det har vorte gjennomført ei reell gransking av slamhendinga, og meiner at dette er naudsynt. Difor melder Statsforvaltaren i Møre og Romsdal saka til politiet no.

Objektive vilkår for straff

Utsleppet kjem etter vår oppfatning inn under definisjonen av forureining i forureiningslova § 6, då det er snakk om tilførsel av fast stoff til vatn som har vore til skade eller ulempe for miljøet. Å sette i verk noko som fører til, eller som det er fare for at fører til, forureining, er forbode, jf. forureiningslova § 7 første ledd, med mindre forureininga er lovleg etter § 8 eller forskrifter etter § 9, eller dersom det er gjeve løyve etter § 11. Brot på forbodet mot å forureine er straffbart, jf. § 78.

Dei objektive vilkåra for straff er etter dette oppfylt.

Subjektive vilkår for straff

Skuldkravet i forureiningslova er aktløyse.

Statkraft Energi AS er ein stor og profesjonell aktør med lang erfaring med arbeid på demningar og vassmagasin. Dei burde ha vore kjend med risikoene for spreiling av sediment og slam som tiltaka ved magasin Foldsjø medførte. Dei burde òg ha rekna med at det ville vere mykje slam på botnen då området tidlegare hadde vore myr. Dei vart gjennom høyringsuttala frå Fiskeraksjonen i Surna til den første dispensasjonssøknaden åtvara om risikoene for spreiling av sediment og anna materiale til elvane. I forkant av arbeidet burde dei ha gjennomført ei meir omfattande risikovurdering der alle relevante tilhøve og aktivitetar som kunne få miljømessig betydning vart fanga opp og vurdert, inkludert risiko for spreiling av sediment og slam.

Dei subjektive vilkåra for straff er etter dette oppfylte.

Miljøverknader

Det er ikkje mogleg per dags dato å vurdere det totale omfanget av miljøkonsekvensar som utsleppshendinga vil få. Det er likevel ikkje tvil om at utsleppet har negativ effekt på heile elveøkosystemet. Kva for, og kor store effektar utsleppet har hatt og vil få, vil ein få avklart delar av gjennom dei undersøkingane som er sett i verk. Det er sannsynleg at utsleppet kan ha konsekvensar for både fisk, fugl, botnfauna, insekt og elvemusling som lever i tilknyting til elva Surna. Laks og elvemusling er rekna som truga artar. Surna har status som nasjonalt laksevassdrag. Nokre skadeeffektar vil det kunne ta lang tid før manifesterer seg. Gjennom undersøkingane som skal gjerast for å fylge opp NVE sitt pålegg av 16.10.2023 vil ein få meir kunnskap om skadeomfanget. Påleggat omfattar gjentakande målingar av slam, undersøkingar av fisk (rognooverleving og elfiske) og elvemusling og ornitologiske undersøkingar, i tillegg til tiltaksvurderingar.

Her fylgjer ei oppsummering av rapportane frå dei undersøkingane som allereie er utført. Desse undersøkingane vart utført berre nokre veker etter hendinga.

COWI-rapport med kartlegging av utsleppet (15.12.2022)

Rapporten (vedlegg 1) er basert på feltundersøkingar utført 20.-21. oktober og 6.-10. november 2022. Hensikta med undersøkinga var å oppnå eit oversiksbtilete over kor i elva slammet hadde lagt seg og måle vasskvaliteten. Det generelle inntrykket var at heile vassdraget nedstraums Folda var påverka av utsleppet, med funn av slam dei fleste stader, med unntak av der vasshastigheita er sær



høg. Dei største slammengdene vart funne i bakevjer, og nokre plassar var slamlaget opptil 50-60 cm tykt. Kor fast og kompakt slammet var og det organiske innhaldet varierte noko frå lokalitet til lokalitet. COWI skriv at når det gjeld sand, så kan det vere vanskeleg å skilje mellom tilførsel under hendinga med nedtapping, naturleg tilførsel og tilførsel under stormen «Gyda».

Det vart utført turbiditetsmålingar i elva, og desse kunne tyde på at det på undersøkingstidspunktet framleis skjedde frigjering av sediment frå Foldsjøen.

I tillegg til slam- og turbiditetsmålingane vart det målt redokspotensial ved nokre lokalitetar med kjend elvemuslingbestand eller gytegropor for laks, dette for å kunne evaluere habitatkvaliteten og levevilkåra. Det kunne ikkje konkluderast etter redoksmålinga ved elvemuslinglokaliteten ved Sandhølen, dette fordi undersøkinga vart utført på nordsida av elva mens elvemuslingane i stor grad finnast på sørsida. Målt redokspotensial i dei undersøkte gytegropene tilsa god habitatkvalitet, men det vart observert finpartikulært materiale som hadde lagt seg på botnsubstratet. COWI anbefalte vidare undersøkingar av elvemuslinglokalitetane og gytegropområda.

Rapport frå NORCE LFI (07.12.2022)

NORCE LFI utførte slamundersøkingar i Surna 2.-4. oktober 2022 (vedlegg 2). Dei nyttja målestav til å undersøke kor tjukt slamlaget var ved fleire lokalitetar frå Folda sitt utlaup til Skei camping og fotodokumenterte områda med drone.

Fleire dronebilete synte tydeleg blakking av vatnet i elva. Ved alle dei undersøkte lokalitetane vart det enten observert eit grått slør av slam eller eit slamlag som var tjukt nok til å kunne måle det med målestaven. I område med høg vasshastigkeit vart det ikkje påvist tjukke slamlag, mens i meir sakteflytande område vart det funne slamlag som var opptil 50 cm tjukke.

NORCE skriv at tidlegare undersøkingar har funne at finpartikulært materiale kan gjeve negativ påverknad på både egg- og plommeseikkstadiet til laksen. Dei meiner at slam som legg seg over gyteområda i inkubasjonstida til eggja vil kunne ha ein sterkt negativ verknad. NORCE anbefalte vidare undersøkingar av mellom anna overlevinga til lakseegga.

COWI-rapport om elvemusling (21.10.2023)

COWI har i 2023 utført kartleggingar av elvemusling i Surna ved Sandhølen og Olavshølen (vedlegg 3) Den oppfylgjande undersøkinga ved Sandhølen fann ein reduksjon i bestanden av elvemusling på 25% og ein vesentleg reduksjon i utbreiinga til bestanden då det ikkje vart funne muslingar i det mest slampåverka området. COWI meiner desse tilhøva kan knytast til slamutsleppet, og finn det sannsynleg at ein stor del av bestanden har døydd. Også måling av redokspotensial synte tilhøve som kan vere problematiske for juvenil elvemusling.

Ved Olavshølen vart det funne ein bestand av elvemusling som vart antatt å bestå av nokre få hundre individ, og denne bestanden vart vurdert å vere mindre påverka av slamutsleppet, men meir utsett for høg vassføring. COWI anbefaler ny undersøking av Olavshølen ved lågare vassføring.

Statsforvaltarens vurdering

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ser svært alvorleg på hendinga i Surna og ber om at tilhøvet vert etterforska med sikte på straff. Vi ser òg alvorleg på at verksemda ikkje har utført ei tilstrekkeleg risikovurdering som omfatta alle relevante tilhøve som kunne få miljømessig betydning, heller ikkje etter å ha vorte åtvara gjennom høyningsinnspel til den fyrste dispensasjonssøknaden om risikoene for sprenging av sediment/slam til elva. Forslaget frå statsforvaltaren etter hovudutsleppet om å bygge ein voll oppstraums tappeluka for å unngå ytterlegare utvasking vart avvist.



Etter vår oppfatning hadde både Statkraft Energi, som utarbeida planen for korleis tiltaka skulle utførast, og NVE som godkjende planen, eit ansvar for å syrgje for at alle relevante tilhøve vart tekne med i risikovurderinga. Dersom det skulle vere behov for ytterlegare opplysningar eller bistand, står forureiningsmyndigheita til politiet sin disposisjon. Vi ber om å verte underretta om saka si vidare oppfølging.

Med helsing

Else-May Botten (e.f.)
statsforvaltar

Frank Madsøy
direktør


Dokumentet er elektronisk godkjent



Kartvedlegg:



Oversiktskart.



Foldsjøen, Folda og dennes utlaup i Surna.

Vedlegg:

- 1 COWI AS, *Surna utslippsfeltundersøkelser*. Utgitt 15.12.2022.
- 2 NORCE LFI, rapport nr. 460, *Kartlegging av slamutslipp i Surna grunnet nedtapping av Foldsjøen*. Utgitt 07.12.2022.
- 3 COWI AS, *Kartlegging av elvemusling i Surna ved Sandhølen og Olavshølen – 2023*. Utgitt 21.10.2023.
- 4 Norges vassdrags- og energidirektoratet (NVE), *Statkraft Energi AS, rehabilitering av dammer i Follsjø og Gråsjø i Rindal og Surnadal kommuner, Møre og Romsdal – godkjenning av detaljplan for miljø og landskap*. 19.11.2018.
- 5 Norges vassdrags- og energidirektoratet (NVE). *Tillatelse til midlertidig fravik fra manøvreringsreglementet for tapping av Gråsjø og Follsjø i Surnavassdraget i Rindal og Surnadal kommune*. 30.08.2021.
- 6 Norges vassdrags- og energidirektoratet (NVE). *Tillatelse til midlertidig fravik fra manøvreringsreglement – Trollheim kraftverk*. 22.09.2022.
- 7 Statkraft Energi AS/Sweco Norge AS. *Detaljplan for landskap og miljø: Rehabilitering av Follsjødammen og Gråsjødammen*. 02.03.2018.
- 8 Fylkesmannen i Møre og Romsdal, *Vedtak om midlertidig utslippstillatelse for arbeid med flomavledningssystem ved Follsjødammen i Surnadal og Rindal kommuner*. Vedtak datert 30.09.2019.



- 9 Sweco AS, *Vurdering utslippstillatelse*. Utgitt 12.06.2019.
- 10 Norges vassdrags- og energidirektorat. *Møtereferat: Slamhendelsen i Surna 2022*. Møtereferat datert 21.11.2023 (møtedato 13.11.2023).
- 11 [REDACTED]
- 12 Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. *Follsjøen – Ber om at stenging av luke blir vurdert som midlertidig avbøtende tiltak*. E-post fra Statsforvaltaren i Møre og Romsdal til NVE og Statkraft datert 06.10.2022.
- 13 Norges vassdrags- og energidirektoratet (NVE). *Statkraft Energi AS Trollheim kraftverk i Surnadal kommune – pålegg om undersøkelser etter utslippet av slam fra Follsjøen*. Pålegg datert 16.10.2023.

